

# Reglement for elevpermisjon (skulefri) i Hjelmelandsskulen

## Lovtekst:

### Opplæringslova § 2-11. Permisjon frå den pliktige opplæringa

*Når det er forsvarleg, kan kommunen etter søknad gi den enkelte eleven permisjon i inntil to veker. Elevar som høyrer til eit trussamfunn utanfor Den norske kyrkja, har etter søknad rett til å vere borte frå skolen dei dagane trussamfunnet deira har helgedag. Det er eit vilkår for retten at foreldra sørgjer for nødvendig undervisning i permisjonstida, slik at eleven kan følgje med i den allmenne undervisninga etter at permisjonstida er ute.*

[https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL\\_2](https://lovdata.no/dokument/NL/lov/1998-07-17-61#KAPITTEL_2)

Reglementet er gjeldande frå januar 2021

## Innhaldsoversikt

[Kor mange dagar kan du søkje om?](#)

[Krav til søkjar](#)

[Søknadsfrist](#)

## **Kor mange dagar kan du søkje om?**

Du kan søkje om permisjon frå skulen i inntil to veker (ti skuledagar). Det er opp til skulen å vurdere om ein elev skal få innvilga permisjon. Skulen kan avslå søknaden sjølv om det er forsvarleg for den enkelte elev å få fri.

# Krav til søkjar

## Det vert ikkje gitt permisjon i periodar med førebuingar og gjennomføring av:

- Statlege kartleggingsprøvar
- Nasjonale prøvar
- Oppstart av nytt skuleår
- Eksamenar, munnleg og skriftleg
- Leirskule
- Større prøvar og vurderingssituasjonar, slik det går fram av skulen sin terminplan/prøveplan. (Skulen må i god tid sende ut informasjon/datoar om kva vurderingssituasjonar dette gjeld).

Det vert normalt ikkje gitt fri frå skulen for elevar som skal på ferie, treningssamlingar eller liknande, eller når eleven har udokumentert fråvær.

## Permisjon elevar har krav på:

- Medlemmar av trussamfunn utanfor Den norske kyrkja har rett til permisjon på sitt trussamfunn sine heilagdagane dersom dei søker om permisjon.
- Helserelatert fråvær (tannlege, lege, osv.)

## Me kan innvilge permisjon for:

- Spesielle arrangement og markeringar (politisk arbeid, organisasjonsarbeid, familiehendingar)
- Idrettskonkurranse/kulturelle stemne på høgt nivå

## Søknadsfrist

Søk om permisjon i god tid før de ønskjer permisjon, helst tre veker før. Inntil 2 dagar kan søkjast om i Transponder og vil verta behandla av kontaktlærar. For permisjon utover 2 dagar må ein søkje via kommunen si heimeside. Hjelmeland postmottak registrerer søknaden din og sender den til skulen, som behandlar søknaden. Behandlingstid er vanlegvis tre veker. Dersom det tek lengre tid, får du beskjed om kor lang tid skulen treng på å behandle søknaden din.

Ønskjer du å klage på vedtak om permisjon må du klage innan tre veker etter at du har motteke svar på søknaden. Klagen skal sendast til skulen som har behandla søknaden.

[Les meir på Udir \(utdanningsdirektoratet\) om reglar kring permisjon frå opplæringa](#)